



Ole Torbjørn Holmedal (Frp, her i samtale med partifelle Elisabeth Eide Tharaldsen) heldt eit svært positivt innlegg for Dønhaug i formannskapet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Om det blir kroken på døra for Dønhaug Gjestegard som feststad vart ikkje avgjort torsdag. Formannskapet utsette deler av saka for synfaring, som skal avviklast i samband med det neste møte. Det skal haldast 6. juni.

Utsetjinga galdt spørsmålet om eitt eller to skjenkeløyve, utvida skjenketid fram til 01.00 ved uteservering og talet på gjester i läven når skjenkeløyvet vert nytta.

Rådmannen gjekk inn for å halda på to skjenkeløyver og framleis begrensa talet på gjester til 250/300 samstundes som han gjekk i mot utvida tid.

Dette røysta fem av politkarane for medan seks gjekk inn for utsetjing og synfaring. Med andre ord vart det vedteke med knappast mogeleg fleirtal.

Men heile formannskapet røysta for rådmannens framlegg om å gje grønt ljós for utvida skjenkeareal og skjenketid fram til 01.00 når "Dance with a stranger" held den første utekonserten på Dønhaug 9. juni.



Ordfører Bjarne Berge kom med framlegget om utsetjing og synfaring.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Debatten om saka var prega av den generelle rus-drøfting som dei folkevalde har hatt for stutt tid sidan og der det vart varsla ei strammare line.

Det var ordfører Bjarne Berge (TS) som kom med framlegg om utsetjing og synfaring etter at Ole Torbjørn Holmedal (Frp) hadde halde eit svært positivt innlegg om Dønhaug som feststad:

- Vi gler oss over at Dønhaug har vorte eit godt kulturtilbod, som trekkjer folk ikkje berre frå vår kommune men frå store deler av Hordaland.

Det er ein flott arena for store band og grupper. Skal ein få tak i dei tyngste, må ein ha arenaer med tilstrekkeleg kapasitet og ei grense på 250/300 er lågt for å finansiera dei store artistane, sa Holmedal.

Han meinte at rådmannen burde få fullmakt til å innvilga eit større tal ved einskildhøve.

Holmedal meinte også at uteservering fram til klokka eitt er positivt om sommaren. Vidare peika han på at Dønhaug har ein særdeles usjenert beliggenheit i høve til naboar og at Magne Huglen har bra vakthald og eit godt opplegg for trafikkavviklinga når området skal tømmast.

Arve Opsanger (SV) ville støtte rådmannen sitt framlegg. Han såg ikkje nokon grunn til å endra praksis i ei slik sak i denne perioden og varsla at hans parti vil gå inn for ei meir restriktiv haldning i neste periode.

- Løyvet på Dønhaug er godt tilpassa no, meinte han.

Ordfører Berge: - Vi har vel ikkje heilt klårt for oss korleis opplegget på Dønhaug fungerer når det er så mykje folk der og difor bør vi dit på synfaring. Når det gjeld ei eventuell utviding av løyvet, må vi hugsa på dei andre i bransjen. Vi kan ikkje utvida berre for ein. Situasjonen krev ein klår og einsarta linje.

Men ved større arrangement bør vi kunne vurdere på meir fritt grunnlag.

Knut Prestnes (SP): - Også mitt parti har signalisert at vi må sjå på skjenketidene og vurdere ei avgrensing i neste periode. Men eg stør framlegget om utsetjing og synfaring. Vi har fått mange positive tilbakemeldinger om Dønhaug og må legge det best mogeleg til rette for staden. Og det som skal skje 9. juni er eit einskildarrangement som vi bør gje klårsignal for i dag.

Varaordfører Otto Benjaminson (KrF) : - Dette er ein test på det vi har sagt om rus-spørsmålet. Eg ser ikkje noko poeng ved ei synfaring nokre få månader før vi startar på ein ny periode og stemmer for rådmannens framlegg. Synnøve Solbakken (Ap):- Heller ikkje mitt parti vil utvida skjenkeløyvene i neste periode. Men etableringen på Dønhaug er positiv og vi kan gjerna ta ei synfaring for å sjå på heile tilbodet.

Av Ola Matti Mathisen



Desse formannskapsmedlemmene var noko delte i sitt syn på Dønhaug-saka: Frå venstre sit Arve Opsanger (SV), Knut Prestnes (Sp), Synnøve Solbakken (Ap) og Lars Magnar Bjelland (Ap). (Foto: Ola Matti Mathisen).